

**Du hugsar vel dei fantastiske Spielberg-filmene der det vart hoppa fram og attende i tid?  
Eg hugsa dei svært godt i Aktivitetssenteret i kveld då eg vann eit skateboard. Det minte meg på kva som skjedde for 30 år sidan då far køyrde unge entusiastar rundt på det indre Austland i ei febrilk jakt på ein ejgna arena.**

**No var eg med eitt slag attende i fortida og såg for meg nye turar med nye rekruttar på skateboard.**

**Men i dag vert ikkje oppgåva så strevsam, for brettet kan takast i bruk midt i bygdesenteret. Imidlertid står det noko med små skrift på brettet som ikkje stod der for 30 år sidan. Der står mellom anna at maksimallasta er 50 kilo, og at skating er ein farleg sport.**

**Den gang da var den ikkje farleg. Nokre sår vart det, men pytt, pytt. Og så kjem det store spørsmålet: har verda gått framover eller bakover på skatefronten?**

**matti, skatepappa hev vore**